


Varsel / kunngjering om oppstart av planarbeid med konsekvensutgreiing og høyring av planprogram for endring av Detaljreguleringsplan for Skipavika Næringspark.



I samsvar med plan- og bygningslova §12-8 og §12-9 vert det med dette varsla om oppstart av planarbeid for endring av Detaljreguleringsplan for Skipavika Næringspark, plan-ID 4635-2012005. Endra plan vil ved vedtak få plan-ID 4635-2023002 og erstatte 4635-2012005.

Hovudføremålet med endringa er å legge til rette for etablering av eit produksjonsanlegg for grøn ammoniakk, som medfører krav om konsekvensutgreiing etter §6 bokstav b (vedlegg I, 6b) og planprogram etter pbl. §4-1. Planprogrammet er hermed lagt ut til offentleg ettersyn.

Planarbeidet skal vidare avklare omfang på omsynssoner rundt ammoniakkanlegget samt ei hensiktsmessig omdisponering av arealbruk i næring- og industriområde. Intensjonen i gjeldande plan om å etablere ei maritim klynge vert vidareført saman med type reguleringsføremål. Nordleg del av planområdet er foreslått utvida mot Brandangersundet og vest for etablert veg, etter innspel frå Gulen kommune.

Forslag til planområdet er 1 843 874 m² og har per i dag tilkomst frå Sandevegen, fv5582. Planområdet omfattar gnr. 79, bnr. 47, 53, 54 samt delar av bnr. 1, 33, 36, 52 og ein mindre del av bnr. 11. Det er ikkje planlagt nye tiltak eller ny arealbruk på eigedomane vest for gjeldande plan sitt planområde (plan-ID 2012005).

Planområdet vil kunne justerast/reduserast fram mot 1. gangs behandling.

Forslagsstillar er Skipavika Næringspark AS.
Plankonsulent er Tippetue Arkitekter AS.

Planprogram er tilgjengeleg på www.tippetue.no og www.gulen.kommune.no. Her finns også oppstartsmelding samt planinitiativ og referat frå oppstartsmøte.

Eventuelle merknadar / kommentarar til planprogrammet eller oppstartsmeldinga kan rettast plan@tippetue.no eller

Tippetue Arkitekter AS,
Vetrlidsallmenningen 29,
5035 Bergen

innan 27.08.2023.

TIPPETUE
ARKITEKTER AS